



Naturvernforbundet



Naturvernforbundet
i Møre og Romsdal

Noregs Naturvernforbund
Naturvernforbundet i Møre og Romsdal
Norsk Ornitologisk Forening
Den Norske Turistforening

Olje- og Energidepartementet (OED)

Kopi:

Klima- og Miljødepartementet
Norges Vassdrags- og Energidirektorat (NVE)
Miljødirektoratet

26.11.19

Omgjering av vedtak om forlenging av konsesjonen for Smøla vind 2

Vi viser til NVEs vedtak av 28.04.2017, deira referanse 201702301-3, der konsesjonen for Smøla vindkraftverk I og II blir forlenga fra 01.01.2026 til 01.09.2035 utan at dette har vore gjenstand for offentleg høyring og prosess. Naturvernforbundet, Norsk Ornitologisk Forening (NOF) og Den Norske Turistforening (DNT) anmøder OED om å omgjera vedtaket, som vi ser som ugyldig.

Saksgangen

Smøla vindkraftverk fekk endeleg konsesjon av departementet 14.07.2003 etter avgjerd i klagesak. Ein søknad om utviding av anlegget, Smøla 2, fekk endeleg konsesjon 27.06.2008. Konsesjonen gjekk fram til 01.01.2026.

05.04.2017 søkte Statkraft om forlenging av konsesjonen, og allereie 28.04.2017 vart konsesjonen forlenga til 01.09.2035, utan at søknad om forlenging hadde vore på høyring. Dei einaste som fekk informasjon om vedtaket var grunneigarane, Direktoratet for samfunnssikkerheit og beredskap (DSB) - Region Midt, Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Møre og Romsdal fylkeskommune, Smøla kommune og Statnett SF. Organisasjonar og andre interesserte vart ikkje informerte om vedtaket, og dermed klagefristen på 3 veker.

Som grunngjeving for ikkje å sende søknaden frå Statkraft på høyring, skriv NVE i konsesjonsvedtaket 28.04.2017:

«I denne konkrete saken har NVE vektlagt at vindkraftverket har en teknisk/økonomisk levetid som samsvarer med den omsøkte utløpstiden for konsesjonen. NVE fant det ubetenkelig å unnlate høring av søknaden, fordi endringer av utløpstiden for konsesjonen ikke medfører fysiske endringer av tiltaket.»

22.01.2018 sendte Statkraft e-post til NVE med informasjon, om at dei først på dette tidspunktet var i gang med å få avklart «teknisk/ økonomisk levetid» for anlegget. Med andre ord var ikkje «teknisk/ økonomisk levetid» for anlegget kjent då NVE vedtok forlenging av konsesjonen 28.04.2017.

«Vi er nå i gang med et omfattende arbeid for å evaluere tilstanden til Smøla 1 vindpark. Turbinene ble i sin tid designet for 20 år. Gjennom inspeksjon og lastmodellering ønsker vi å få kartlagt blant annet følgende:

- Resterende teknisk levetid til vindparken om vi fortsetter med dagens O&M rutiner (inkl tårn, fundament, blader, turbin mm)
- Eventuelle HSE utfordringer ved drift etter designet levetid
- Anbefalt eller pålagt sertifisering ved drift utover designet levetid

Statkraft vil underrette NVE om resultatene når disse foreligger¹.»

Bernkonvensjonens sekretariat ber om at vindkraftanlegget blir avslutta seinast 2026, helst tidlegare, og at området blir restaurert

Bernkonvensjonens direktør Carolina Lasèn Diaz og ekspert Eckhart Kuijken var på Smøla 15. – 17. juni 2009, etter at NOF brakte saka inn for konvensjonen i 2001. Bernkonvensjonens delegasjon var på befaring og hadde møte med DN, MD, OED, NINA, Statkraft, NVE, Smøla kommune, Fylkesmannen og NOF².

Bernkonvensjonens rapport etter befaringa og møteverksemda på Smøla hadde mellom anna denne anbefalinga:

«9. Investigate the possibilities and consequences of a non-renewal of the licence for exploiting the Smøla wind farm concession by the year 2026 or consider a reduced period, and create the possibilities for due ecological restoration of the site³.»

Våre vurderingar

Energilova § 2.1 stiller strenge krav til offentleg deltaking gjennom høyring, men har eit unntaks-vilkår: «Høring kan unnlates når det finnes ubetenkelig.» Dette har NVE brukt i dette tilfellet. Vi ser det som feil å bruke «ubetenkelig» i denne saka, og vurderer vedtaksprosessen til å vera i strid med § 2.1. I tillegg er vedtaket gjort utan vurdering opp mot naturmangfaldlovas prinsipp. Bern-sekretariatets anbefalingar understreker at det er allmenne interesser som tilseier at det ikkje er opplagt at konsesjonen burde bli forlenga, snarare at den burde bli avkorta. I eit slikt tilfelle burde ikkje NVE ha konkludert med at det var «ubetenkelig» å ikkje sende saka på høyring, slik dei skriv i vedtaket. I tillegg skulle uansett vedtaket om forlenging ha vore vurdert opp mot naturmangfaldlovas prinsipp, noko som ikkje vart gjort.

I tillegg kom det i etterkant fram at på vedtakets tidspunkt hadde det ikkje vore gjennomført ei vurdering av «teknisk/ økonomisk levetid» for anlegget. I vedtaket hevdar likevel NVE at dei har vektlagt at det er ei «teknisk/ økonomisk levetid» fram til 2035. Vedtaket er dermed i tillegg gjort på feil grunnlag.

Det er dårleg forvaltingsskikk at ei sak av så stor offentleg interesse ikkje har vore gjenstand for større openheit, og at det nye konsesjonsvedtaket ikkje vart gjort kjend langt breiare når det gjeld ei sak som i så stor grad dreier seg om allmenne interesser, og der det er fleire som har rettsleg

¹ E-post frå Henriette Hovde Haavik i Statkraft til Arne Olsen i NVE, 20.01.2018

² Rapport fra Bernkonvensjonen om Smøla vindpark, Morten Ree (14.10.2009) NOF, <http://www.birdlife.no/naturforvaltning/nyheter/?id=500>

³ On-the-spot appraisal, Wind farms at the Smøla Archipelago (Norway), (15-17 June 2009), Document prepared by: Mr Eckhart Kuijken, CONVENTION ON THE CONSERVATION OF EUROPEAN WILDLIFE AND NATURAL HABITATS 30 September 2009. http://www.birdlife.no/organisasjonen/pdf/200910_smola_vindpark_rapport.pdf

klageinteresse. Det nye vedtaket er enno ikkje lagt ut på NVEs konsesjonssider (07.11.2019), og verken Naturvernforbundet, Norsk Ornitologisk Forening eller andre har hatt rimeleg sjanse til å kunne gjera seg kjende med vedtaket innan klagefristen.

«Offentleg kontrakt»

Etter omfattande offentleg debatt og rundar med klage, vart konsesjonen for Smøla vedteke, med det uttrykkelege grunnlaget at konsesjonstida utløp i 2026. I alle seinare konsesjonsvedtak for vindkraft er det lagt inn klåre vilkår for nedrigging av anlegga og restaurering av naturen, med mindre kraftselskapa gjennom ein søknadsprosess oppnår konsesjon for forlenging. At ein vindkraftkonsesjon har eit avgrensa tidsrom er ei form for samfunnskontrakt for slike anlegg. I dette tilfellet er denne samfunnskontrakten brote.

Konklusjon

Vedtaket er ugyldig og må bli omgjort av OED.

Vi imøteser snarleg svar frå OED.

Med helsing

Maren Esmark
Generalsekretær
Norges Naturvernforbund

Øystein Folden
Leder
Naturvernforbundet i Møre og Romsdal

Kjetil Aa. Solbakken
Leder
Norsk Ornitologisk Forening

Dag Terje Solvang
Generalsekretær
Den Norske Turistforening